

NOU 2008:3 – Sett under ett

Perspektivet. Denne kommentaren tar utgangspunkt i behovet for å styrka **primærvirksomheten og fagkulturen** i dei einskilde utdanningane, og å styrka **primærpersonane** i høgskolen, dvs. dei som er gitt det konkrete ansvaret og som dagleg står over for den enormt omfattande og komplekse oppgåva med å omsette det samfunnsgitte mandatet i den einskilde utdanning til gode læringsprosessar og god læring for studentane.

Då det sjølvsegte ofte har lett for å koma i bakleksa, kan det vera viktig å minna om følgande: Dei profesjonsutdannande høgskolane er oppretta for å utdanne til praktiske yrker. Høgskolane har eit samfunnsgitt mandat: Dei skal utdanne teknisk-praktisk flinke, ryddig tenkande og moralsk dugande – kloke, samhandlande og engasjerte profesjonsutøvarar, med god samfunnsforståing. På mange måtar har desse yrkesgruppene fått seg tildelt oppgåva å vera vårt velferdssamfunns og vårt demokrati sine frontsoldatar.

Noko av det mest interessante ved Stjernøutvalet sitt reformframlegg er det som **kunne** ha stått der: Konkrete innspel for å bygga opp om **dei einskilde utdanningane sin eigenart, om fagkulturen og primærvirksomheten.**

Praktormodellen. I boka *Utdannings- og undervisingskunsten - i akademiseringas og marknadstilpassingas epoke* har eg valt eit begrepsapparat og framsett konkrete forslag som eg meiner får fram det eg her har peika på. I motsetnad til utvalsinnstillinga og mykje av debatten i etterkant av denne, har forslaga for å bøta på dei svakheter som er påpeikte ved profesjonsutdanningane, vore prega av *meir av det same* – meir av det som har prega utviklinga fram til i dag og som har medvirka til "svakhetene" i og for primærvirksomheten. Noko av det som har prega utviklinga dei siste ti-åra, er veksten i dei sekundære virksomhetene ved høgskolen, t.d. administrasjon og forskning, dvs. ei tyngdepunktforskyving bort frå utdanningsnivået. Denne tyngdepunktforskyvinga er lite problematisert.

Kunnskapsutvikling og forskning skal sjølvsegte vera ein viktig del av høgskolens virksomhet. Spørsmålet er t.d. ikkje *om*, men **kva type forskning** vi treng for at primærvirksomheten skal bli betre. Det eg har kalla praktormodellen er eit konkret forslag som kan bidra til å styrka det teknisk-praktiske og refleksive tyngdepunktet på det faglege primærnivået, m.a. ved at fagutviklingsarbeidet blir institusjonalisert som ein integrert del av høgskolens primære virksomhet.

Det perspektivet eg her har peika på og det konkrete praktorframlegget finst i den overnemnde boka, som tidlegare er oversendt kunnskapsminister Aasland.

Beste helsing

Sigurd Haga